

Næringsstrategi 2026 - 2030

Vang kommune

UTKAST 11. mai 2026



Innhold



01

Bakgrunn og formål

02

Føresetnader for vekst og utvikling i næringslivet i Vang

03

Mål og strategiske satsingar

04

Roller, ansvar og samhandling






Bakgrunn og formål



Innleiing og formål




Innleiing og formål med næringsstrategien

- Næringsstrategien til Vang kommune skal gi retning og vere styrande for kommunen, næringslivet og andre relevante næringsaktørar sitt arbeid med næringsutvikling i perioden frå 2026 til 2030.
- Strategien skal bidra til at Vang vidareutviklar seg som ein attraktiv kommune for verdiskaping, arbeid og busetjing.
- Strategien skal vere eit styringsverktøy for kommunen, og ei felles plattform for samarbeid mellom kommune, næringsliv og andre utviklingsaktørar.
- Strategien set retning for korleis kommunen sin ambisjon for nye arbeidsplassar skal operasjonaliserast.
- Arbeidet har grensesnitt til fleire andre planar som påverkar næringsutvikling, for eksempel arealplanar og planar for busetting. Arbeidet skal sjåast i samanheng, men vert då følgt opp gjennom andre prosessar.




Medverknadsprosessen



- ▶ Arbeidet med næringsstrategien byggjer på eit breitt kunnskapsgrunnlag, dialog med politisk nivå og medverknad frå ulike delar av næringslivet.
- ▶ Medverknaden frå næringslivet har skjedd gjennom ei referanse-/ arbeidsgruppe og intervju av ulike miljø i næringslivet og frå Vang kommune. Innspela har gitt verdifull innsikt i utfordringar, moglegheiter og utviklingsbehov i ulike delar av næringslivet, og har vore eit viktig grunnlag for utforming av mål og strategiske innsatsområde.
- ▶ Det er samstundes viktig å presisere at næringslivet i Vang er samansett av aktørar som har ulike interesser, perspektiv og behov. Dei strategiske satsingsområda i denne strategien er difor ikkje uttrykk for at eit samla næringsliv står bak alle prioriteringane. Satsingane er ei samanstilling og avveging av innspel frå ulike aktørar som har delteke i medverknadsprosessane, innsikt frå kunnskapsgrunnlag og vurderingar av rundt kva som gir størst potensial for verdiskaping og nye arbeidsplassar over tid.
- ▶ Næringsstrategien skal gi retning og prioritering for kommunen si rolle som tilretteleggar og samarbeidspartnar. Vedtak og oppfølging av strategien må difor skje med forståing for at det finst ulike interesser og syn i næringslivet, og at strategien ikkje erstattar behovet for vidare dialog, medverknad og politiske avvegingar i konkrete saker.
- ▶ Utkast til strategi vert offentleg delt i dag saman med kunnskapsgrunnlaget, slik at ulike miljø og aktørar får høve til å kome med innspel og tilbakemeldingar før endeleg politisk handsaming.




Rammer og forankring for arbeid med næringsstrategi



- ▶ Næringsstrategien er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel fram mot 2040
- ▶ Samfunnsdelen set eit tydeleg og ambisiøst arbeidsplassmål om å leggje til rette for 20 nye arbeidsplassar i året fram mot 2040, samla 300 nye arbeidsplassar. Dette er over ei dobling av private arbeidsplassar i kommunen.
- ▶ Arbeidsplassmålet er ei overordna ramme for næringsstrategien og skal vere styrande for prioriteringar, innsats og samarbeid.
- ▶ Strategien skal bidra til å omsetje målet til handling, gjennom å styrke eksisterande næringsliv, legge til rette for nye etableringar samt å støtte omstilling, kompetanseutvikling og innovasjon.
- ▶ Strategien byggjer vidare på næringsanalyse om næringsstruktur, arbeidsmarknad og utviklingstrekk i Vang (vedlegg 1) i tillegg til medverknadsarbeid i arbeid med strategiutforming frå referansegruppe og formannskap.
- ▶ Næringsutviklinga skal skje innanfor rammene av langsiktig og berekraftig ressursbruk. Økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn skal sjåast i samanheng.



Fleire målgrupper må samhandle for å nå måla i næringsstrategien



Politisk og administrativ leiing i Vang kommune

Næringsstrategien skal leggjast til grunn for politiske prioriteringar, planarbeid og ressursbruk i kommunen.

Kommunen skal opptre samordna og føreseieleg, og aktivt nytte strategien i dialog med næringslivet og samarbeidspartnarar.

Leiinga har ansvar for å følgje opp strategien og sikre framdrift.

Det kommunale næringsfondet skal støtte opp om innsatsområda i strategien.

Eksisterande næringsliv

Etablerte verksemdar må delta aktivt i dialog og samarbeid om utvikling av næringslivet i Vang

Mangfald av næringsliv må inkluderast i nettverk og næringsmiljø.

Næringslivet må bidra med kunnskap, erfaring og initiativ, og aktivt ta ansvar for omstilling, innovasjon og berekraftig utvikling av lokalt næringsliv og nye verdikjeder i næringslivet.

Gründerar og nye etablerarar

Vang kommune ønskjer nye etableringar velkomne.

Kommunen ønskjer at gründarar tek aktiv kontakt, nyttar tilgjengelege verkemiddel og bidreg til verdiskaping og arbeidsplassar lokalt.

Kommunen forpliktar seg til å vere tilgjengeleg, løysingsorientert og tydeleg i møte med nye initiativ.

Regionale samarbeidspartar og verkemiddelmiljø

Målet er tett samarbeid med regionale og statlege aktørar.

Kommunen ønskjer at samarbeidspartnarar medverkar til å realisere prioriterte satsingar, og at innsats og verkemiddel blir samordna der det er mogleg.

Strategien skal vere eit felles referansepunkt for samarbeid og innsats i regionen.





Føresetnadar for vekst og utvikling i næringslivet i Vang





Prioritering av mål og strategiske satsingar skjer med utgangspunkt i ei næringsanalyse for Vang kommune

- For å nå måla om fleire arbeidsplassar, auka verdiskaping og ei berekraftig utvikling, må kommunen og næringslivet gjere tydelege og kunnskapsbaserte prioriteringar.
- Kommunen har eit sårbart næringsliv og avgrensa ressursar. Det er difor avgjerande å samle innsats og verkemiddel der det kan gi størst mogleg effekt.
- I første fase av arbeidet vart det difor utvikla ei næringsanalyse som kunnskapsgrunnlag for strategiutforminga.
- Prioritering av innsatsområde byggjer på dialog med lokalt næringsliv, referansegruppe og formannskap, samt prinsippa for såkalla smart spesialisering*, som er ein mykje brukt metode i regional og lokal næringsutvikling.
- Med dette som utgangspunkt har ein utvikla mål og prioritert innsatsområde der Vang har særlege føresetnader for å lukkast basert på næringsmessige fortrinn og stadskvalitetar, der det finst reelt potensial for verdiskaping og sysselsetting og der målretta innsats frå kommunen kan bidra til varige arbeidsplassar over tid.

Grunngjeving for prioriterte satsingsområde

Område med reelt utviklingspotensial

Innsats konsentrert om område med størst potensial for å lukkast med vekst og utvikling

Byggje på lokale og stadsegine fortrinn og ressursar:

Innsats er konsentrert om område der kommunen har lokale ressursar, kompetanse, eksisterande næringsstruktur og identitet

Satsingane byggjer på felles behov i næringslivet

Prioriteringar er utvikla i samspel mellom næringsliv, kommune, kunnskapsmiljø og andre aktørar og er basert på praktisk innsikt frå arbeidsliv og marknad

Fokus på verdiskaping og arbeidsplassar

Satsingar med potensial for varig verdiskaping og sysselsetting

Kritisk masse og robuste miljø

Prioritere område der fleire aktørar kan utvikle seg over tid, og der det er mogeleg å byggje sterke miljø

Offentleg rolle som tilretteleggar

Det offentlege skal leggje til rette gjennom rammer, samordning og verkemiddel

• <https://www.regjeringen.no/contentassets/9cff31a9a15c457c9366c63c5aa65f42/veileder-smart-spesialisering-endelig.pdf>





Vang som næringskommune

fortrinn, svakheiter og kva dette betyr for satsing på næringsutvikling



Fortrinn

Tydelig lokal identitet basert på fjell- og stølshistorie og landbrukstradisjonar

Knutepunkt mellom aust og vest (fjell og fjord)

Snøsikker og attraktiv destinasjon

Tilgang på naturressursar med langsiktig verdiskapingspotensial (natur, beite, kraft)

Inkluderande og mangfaldig samfunn med kreative miljø, bukvalitetar og gode tilbod

Regulerte næringsareal i kombinasjon med tilgang til kraft

Låg sats på arbeidsgiveravgift og handlingsrom i næringsfondet til større investeringar

Dedikerte ressursar til næringsarbeid

Svakheiter

Sårbar og gjensidig avhengig næringsstruktur

Lågt innbyggjartal og låg arbeidsløyse → svak tilgang på arbeidskraft

Negativ utvikling i omsetnad og lønnsemd i næringslivet

For svak tilgang til risikokapital i næringslivet

Manglar felles kultur og målbilde

Forståing for roller og handlingsrom er ikkje godt nok forankra på tvers av miljø


Kapasitet og kompetanse i komplekse plansaker

Relativt få personar med høgare utdanning

Høge infrastrukturkostnadar som følgje av spreidd bu- og hyttebusetnad

Konsekvens for næringsstrategi

- Den tydelege lokale identiteten knytt til fjell, støl, landbruk og natur er stadspesifikke fortrinn. Næringsstrategien må difor byggje vidare på det som gjer Vang særeigen og som har potensial for vekst.
- Sårbar og gjensidig avhengig næringsstruktur gjer kommunen utsett for konjunktursvingingar. Strategien bør difor bidra til større næringsbreidde og at næringslivet i kommunen får fleire bein å stå på.
- Lågt innbyggjartal, svak tilgang på arbeidskraft, fallande lønnsemd i eksisterande næringsliv og relativt sett lågt utdanningsnivå er ei strukturell utfordring. Næringsstrategien kan ikkje berre handle om utvikling av nytt og eksisterande næringsliv, men må óg ta omsyn til at kompetanseutvikling, omdømmebygging, stads- og bustadutvikling, kapasitet i infrastrukturanlegg og gode arealplanar er viktige drivarar for næringsutvikling.
- Svak tilgang til risikokapital i næringslivet gjer at kommunen må vurdere meir offensive grep for å gjere lokal næringsutvikling meir attraktiv for lokale og eksterne investorar. Auke i næringsfondet samt prioritert og meir strategisk bruk av fondet til satsingar i denne planen, kan bidra til å tiltrekke seg kapital frå privat næringsliv.



Vang som næringskommune

moglegheiter, utfordringar og kva dette betyr for satsing på næringsutvikling



Moglegheiter

Utvikle sterke næringsklynger i og rundt reiseliv og opplevingar

Utvikle sterke regionale samarbeid i reiselivet

Nasjonalparkkommune og UNESCO-status rundt kulturlandskap og stølsdrift

Utvikle tilleggsnæring i landbruket (matproduksjon og foredling, opplevingar)

Mobilisere fritidsbuarane til innsats i næringsutviklingsarbeidet

Tydlegare posisjonering og omdømebygging rundt Vang som bu- og næringskommune.

Bruke næringsfondet som sterkare strategisk verkemiddel → utløyse kapital frå næringsliv

Legge til rette for fjernarbeid og arbeidsplassar for nye næringar og fritidsbuarar

Utvikling av tradisjonelt landbruk (investeringar i lausdrift)

Utfordringar



Konjunkturutsatte næringar (f.eks. hyttemarknad)

Krav til lausdrift innan 2030 – fleire gardar står i fare for å bli lagt ned

Strengare krav til klima-, miljø- og naturforvaltning kan hindre utbygging

Få varme sengar og svake opningstider til reiselivsrelaterte tilbod

Finne rett balanse mellom kommersiell utvikling og urørt natur


Ungdom flyttar tidleg ut → vanskelegare å nå dei for tilflytting

Svak resultatutvikling i næringslivet påverkar investeringsvilje

Begrensa lokal marknad og avstandar

Konsekvens for næringsstrategi

- Kapasitet, arbeidskraft og kapital er avgrensa. Strategien kan ikkje romme «alt for alle», som inneber eit behov for å prioritere utvikling der kommunen har reelle fortrinn (natur, landbruk, kraft, reiseliv).
- Barrierar knytt til arbeidskraft, ungdom som flyttar tidleg og svak investeringsvilje kan ikkje løysast utan at Vang klarer å tiltrekke seg fleire miljø. Arbeid med næringsutvikling må difor sjåast i samanheng med omdømebygging og kommunikasjon.
- Landbruket står føre store omstillingsbehov og treng eigne strategiar for investering i tradisjonell drift og ny forretningsutvikling.
- Utvikling av reiselivet treng styring, ikkje berre vekst. Kvalitet i produktutviklinga, heilårs arbeidsplassar, lokal og regional verdikjedeutvikling samt utløysande kapital til større investeringar blir viktig.
- Nasjonalpark- og UNESCO-status kan styrke omdøme til Vang som bu- og reisemål og bør inngå i framtidige satsingar.





Mål og strategiske satsingar





Vang er fjellkommunen der natur, kraft og folk skaper arbeid og moglegheiter

Samarbeid om næringsutvikling
for å bli ein attraktiv nærings-, bu- og besøkskommune.

Mål: 300 nye arbeidsplassar innan 2040

Tal arbeidsplassar	2030	2032	2036	2040
	40	80	180	300

Våre strategiske fokusområder fram mot 2030

Strategiske hovudmål

Sterke, lokale verdikjeder rundt reiselivet

Utvikle sterke og lokale verdikjeder rundt reiseliv og hytteutbygging som gjer Vang meir attraktiv for næringsliv, investormiljø, fastbuande, hyttebuarar og turistar.

Landbruksbasert forretningsutvikling

Utvikle framtidretta landbruk gjennom omstilling i tradisjonell drift og nye verdikjeder basert på landbruket sitt ressursgrunnlag.

Næringsutvikling basert på tilgang til kraft og naturressursar

Ny og næringsutvikling basert på natur- og kraftressursar i kommunen som gir varige arbeidsplassar og langsiktig verdiskaping

Attraksjonskraft og omdøme

Løfte Vang si attraksjonskraft som ein sær eigen fjellkommune gjennom tydeleg identitet, samordna kommunikasjon og sterkare opplevd kvalitet.


Vertskap for næringsutvikling

Gjere det enklare å etablere og drive næring i Vang gjennom god samhandling, målretta innsats og ein tydeleg kommune som legg til rette for breidda av næringslivet



Innsatsområde 1:


Reiseliv, hytteutvikling og opplevingsbasert næring



Skildring av målet	Korleis skal vi nå målet?	Kven skal bidra til å nå målet?
<p>Utvikle sterke og lokale verdikjeder rundt reiseliv og hytteutbygging som gjer Vang meir attraktiv for næringsliv, investormiljø, fastbuande, hyttebuarar og turistar.</p>	Etablere lokal reisemålsleiing med mandat til å utvikle Vang som reisemål og lokalsamfunn basert på kriteria i standard for berekraftig reisemål.	Kommune, Visit Valdres, næringsliv
	Legge til rette for gjennomføring av masterplanen for utbygging av Tyin Filefjell og andre tiltak som støttar mål om fleire varme sengar og heilårs arbeidsplassar i næringa.	Kommune, næringsliv
	Etablere ei næringsklynge for utvikling reiseliv og matproduksjon der ein samlar miljø med forretningsidéar, tilgang til areal og kapital til å utvikle verdikjeda.	Næringsmiljø i Valdres
	Arbeide for etablering av status som nasjonalparkkommune som del av Jotunheimen nasjonalpark og UNESCO-status for kultur- og stølslandskap.	Kommune, næringmiljø i Valdres
	Utvikle ein heilskapleg plan i samarbeid med regionale miljø for utvikling av heilårs opplevingar og arbeidsplassar parallelt med omsyn til lokalsamfunn og naturforvaltning.	Kommune, næringsliv, miljø i Valdres og Sogn
	Utvikle løysingar for grøn transport/mobilitet	Kommune, næringsliv, transportaktørar
	Legge til rette for god besøksforvaltning og berekraftig utvikling av reiselivs- og hyttekommunen gjennom nær dialog med innbyggjarar, grunneigarar og regionale miljø	Kommune, lokal reisemålsleiing



Innsatsområde 2: Landbruksbasert forretningsutvikling




Skildring av målet	Korleis skal vi nå målet?	Kven skal bidra til å nå målet?
<p>Utvikle framtidens landbruk gjennom omstilling i tradisjonell drift og nye verdikjeder basert på landbruket sitt ressursgrunnlag.</p>	Støtte til modernisering av eksisterende drift i landbruket gjennom nasjonale, regionale og lokale ordningar for landbruket	Kommune, bondeorganisasjonar
	Kompetanseheving i landbruket gjennom deling av gode eksempel og informasjon om nasjonale, regionale og lokale tilskotsordningar på relevante møteplassar	Kommune, bondeorganisasjonar, Statsforvaltar
	Ivareta landbruket sine behov gjennom areal- og planrolla. Behovsbasert tilrettelegging og utnytting av areal for næringsutvikling i landbruket.	Kommune, landbruksnæring
	Aktiv og proaktiv dialog ovanfor landbruket i arbeid med areal- og reguleringsplanar som påverkar ressursgrunnlaget til landbruket.	Kommune
	Moglegheitsstudie for landbruksbasert forretningsutvikling, for eksempel når det gjeld matproduksjon og foredling, bonden som ressurs i beredskapsarbeid og UNESCO-status for kulturlandskap/stølsdrift.	Kommune, næringsmiljø i kommunen



Innsatsområde 3:


Næringsutvikling basert på tilgang til kraft og naturressursar



Skildring av målet	Korleis skal vi nå målet?	Kven skal bidra til å nå målet?
<p>Ny og næringsutvikling basert på natur- og kraftressursar i kommunen som gir varige arbeidsplassar og langsiktig verdiskaping.</p>	Moglegheitsstudie rundt forretningsmoglegheiter i Vang basert på tilgang til areal, infrastruktur, tilgang til kraft og dagens næringsstruktur (potensial, aktørar, tilgang til privat og offentleg kapital mv.)	Kommune, næringsliv
	Legg til rette for miljø som treng tilgang til areal og fornybar energi til framtidsretta og arbeidsintensiv næringsutvikling	Kommune
	Tydleg marknadsføring og dialog rundt moglegheitene og totalløysingane i Vang ovanfor relevante industrielle miljø og investorar	Kommune, næringsliv
	Løpande fokus på utvikling av framtidsretta løysingar rundt infrastruktur for næringsutvikling	Kommune
	Samhandling med regionale miljø om Vang kan ha ein posisjon i Innlandsportefølja	Kommune, næringsliv
	Aktiv og proaktiv oppfølging ovanfor aktuelle miljø som viser interesse for etablering i kommunen	Kommune



Innsatsområde 4: Attraksjonskraft, omdøme og stadsutvikling



Skildring av målet	Korleis skal vi nå målet?	Kven skal bidra til å nå målet?
<p>Løfte Vang si attraksjonskraft som ein særeigen fjellkommune gjennom tydeleg identitet, samordna kommunikasjon og sterkare opplevd kvalitet</p>	Definere og forankre kva som kjenneteiknar Vang som bu- og arbeidsstad basert på natur, kultur, historie og levemåte, og bruke dette som felles referanse i kommunikasjonsarbeid.	Kommune, næringsliv
	Utarbeide ein felles profil som gjer at målgruppene kjenner igjen Vang på tvers av kanalar, målgrupper og aktørar, og som kan nyttast av både kommune og samarbeidspartnarar.	Kommune, næringsliv
	Utarbeide ein målretta kommunikasjonsstrategi for Vang som samordnar og forsterkar kommunikasjon med innbyggjarar, hyttebuar, tilflyttar, næringsliv og investor.	Kommune, næringsmiljø i Valdres
	Ta i bruk merkevara Vang systematisk i arbeid med rekruttering, dialog med etablerarar, investorar, nabokommunar og andre samarbeidspartar.	Kommune, næringsliv
	Vidareføre og støtte initiativ og arrangement som bidreg til formidling av Vang si natur- og kulturhistorie, og som byggjer attraksjonskraft rundt kommunen.	Kommune, kreativ næring



Innsatsområde 5: Vertskap for næringsutvikling



Skildring av målet	Korleis skal vi nå målet?	Kven skal bidra til å nå målet?
<p>Gjere det enklare å etablere og drive næring i Vang gjennom god samhandling, målretta innsats og ein tydeleg kommune som legg til rette for breidda av næringslivet</p>	Sikre at næringsliv og etablerarar møter ei kommune som er tilgjengeleg, løysingsorientert og tydeleg i dialog og sakshandsaming (etablere serviceløfte).	Kommune
	Rettleie verksemder i plan-, utviklings- og byggjefasar, og kople dei vidare til relevant kompetanse og verkemiddel i ein tidleg fase.	Kommune
	Bruke næringsfondet målretta for å utløyse større prosjekt. Bidra med kapital i strategisk viktige utviklingsprosjekt med mål om risikoavlastning og langsiktig avkastning.	Kommune
	Strategisk arbeid med kompetanseutvikling i næringslivet basert på trendar og behov i lokalt næringsliv.	Kommune, næringsmiljø i Valdres
	Tilretteleggjar for gode møteplassar og dialog mellom breidda av næringsliv, investormiljø, kommune og næringsmiljø i regionen.	Kommune, næringsliv





Roller, ansvar og samhandling



Utvikle kultur og struktur for samarbeid om næringsutvikling på tvers av miljø



Næringsutvikling i Vang kommune føreset samspel. Skal kommunen nå det ambisiøse målet om 300 nye arbeidsplassar innan 2040, må innsatsen byggje på open, tillitsbasert og målretta samarbeid mellom kommune, næringsliv og investormiljø, grunneigarar, fritidsinnbyggjarar, regionale aktørar og andre utviklingsmiljø. Utfordringane Vang står overfor knytt til arbeidskraft, kapitaltilgang, omstilling og gjennomføringsevne kan ikkje løysast av éin aktør åleine.

Kunnskapsgrunnlaget viser samstundes at Vang har sterke fortrinn; tydeleg lokal identitet, rike natur- og landbruksressursar, tilgang på kraft og areal, samt eit engasjert nærings- og samfunnsliv. For å ta desse fortrinna i bruk må innsatsen samordnast betre, og rollene vere tydelege.

Samarbeid handlar difor ikkje berre om medverknad, men om felles prioriteringar, forpliktande dialog og samordna gjennomføring. Kjenneteikn for Vang som næringsvennleg kommune skal styre måten kommunen møter næringslivet på.

Dette skal kjenneteikne Vang som næringsvennleg kommune

Næringsutvikling skal vere ein integrert del av kommunen si utviklingsrolle med klare mål, prioriteringar og ansvar, og med tydelege forventningar til næringslivet og andre aktørar.

Faste møteplassar for dialog skal gi føreseielegheit, byggje tillit og gjere det mogleg å fange opp behov og moglegheiter tidleg nok. Heile breidda av næringslivet skal kunne delta


Lokal næringsutvikling skal sjåast i samanheng med regional utvikling, og koplast til fylkeskommune, verkemiddelapparat og nabokommunar der dette er relevant.

Samarbeidet skal støtte både langsiktig retning og konkret handling, med evne til å prioritere, følgje opp og gjennomføre vedtatte tiltak

Næringsfondet skal nyttast målretta for å utløyse investeringar, omstilling og nye etableringar i samarbeid med privat kapital.




Kommunal rolle som vertskap og koordinator for næringsutvikling



- ▶ Vang kommune skal ta ei aktiv rolle som vertskommune for næringsutvikling og vere ein næringsvennleg kommune:
 - ▶ Det inneber å vere føreseieleg, tilgjengeleg og løysingsorientert i møte med næringslivet, og å bruke verkemiddel og handlingsrom strategisk.
 - ▶ Kommunen skal ta initiativ til å koordinere og legge til rette for gode og inkluderande møteplassar for næringslivet.
 - ▶ Kommunen skal leggje til rette gjennom god planlegging, effektiv sakshandsaming, tidleg dialog og målretta bruk av næringsfondet.
 - ▶ Kommunen vere tydeleg på kva som er politiske prioriteringar, og kvar grensene for kommunen sitt ansvar går.
 - ▶ Kommunen skal også sjå eige arbeid i samanheng med tenesteutvikling i kommunen, regional utvikling og aktivt samarbeide med fylkeskommune, verkemiddelapparat, nabokommunar og andre relevante miljø for å sikre best mogleg effekt av samla innsats.





Næringslivet si rolle som drivkraft for utvikling av nytt og eksisterande næringsliv

- ▶ Næringslivet i Vang er ikkje berre mottakar av kommunale verkemiddel, men ein sentral aktør i lokal samfunnsutvikling.
- ▶ Næringslivet har ansvar for å bidra til verdiskaping, arbeidsplassar og økonomisk berekraft, samstundes som dei tek omsyn til miljø og lokalsamfunn.
- ▶ Næringslivet har også eit ansvar for eigen omstilling og kompetanseutvikling. Dette inneber å investere i eigne tilsette, ta i bruk ny kunnskap og teknologi, og delta i samarbeid og nettverk som styrker konkurransekrafta over tid.
- ▶ I ein liten kommune er evna til å dele erfaringar, utvikle felles løysingar og byggje kompetanse i lag særleg viktig.
- ▶ Gjennom aktiv deltaking i dialog, utviklingsprosjekt og samhandling med kommunen og andre aktørar, kan næringslivet vere med på å utvikle nye verdikjeder, styrke berekrafta og bidra til eit attraktivt og inkluderande lokalsamfunn.

